

Høyrings svar frå Forskerforbundet ved HiSF

Sak	Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi
Høyringsinstans (svarar)	Forskerforbundet ved Høgskulen i Sogn og Fjordane
Prosess	Forskerforbundet ved HiSF har hatt saka oppe på medlemsmøte 8.12.2016. Grunna kort tidsfrist har vi ikkje diskutert framlegget på ordinært styremøte, men handsama det via epost og i diskusjonar på telefon.
Innspel	
<p>Innleiing</p> <p>I fusjonsplattforma heiter det at arbeidet med fagleg profil og faglege satsingsområde skal ha <i>«god forankring blant tilsette, studentar og arbeidslivet i alle dei tre nærregionane»</i>, og at leiinga på ulike nivå skal ha <i>«eit særskilt ansvar for bidra til å mobilisere og aktivisere miljøa slik at utviklinga av Høgskulen på Vestlandet får god forankring og er prega av medverknad.»</i></p> <p>Målsetjingane i fusjonsplattforma understreker dei stor fordelane ved å implementere ein fagleg profil når den er eit resultat av omfattande involvering frå tilsette og dei ulike fagmiljøa. Dette er både eit viktig akademisk prinsipp og eit viktig kjenneteikn ved det norske arbeidslivet.</p> <p>Forskerforbundet ved HiSF er særst uroa over at målsetjinga i fusjonsplattforma om god forankring, mobilisering og medverknad blant tilsette <u>ikkje</u> er blitt tilstrekkeleg ivaretatt i prosessen kring Prosjekt fagleg plattform, profil og strategi.</p> <p>Høyringsfristen er uakseptabel kort, spesielt når ein ser på alle høyringsfristane som har vert den siste tida. Svært mange tilsette rekk ikkje å lese framlegga og langt mindre setje seg ned og kome med ei samla fråsegn frå fagmiljøa då dagleg drift som undervisning, eksamen og sensur ikkje kan flyttast på. Det bør vere større rom for at fagmiljø på ulike geografiske stadar, og ulike fagmiljø som kan tenkast å ha nytte av å koplast saman, får høve til å snakke saman.</p> <p>Forskerforbundet ved HiSF ønskjer på denne bakgrunnen primært å be om at styret finn ei løysing som kan gi HVL meir tid til handsaminga av Prosjekt fagleg plattform, profil og strategi.</p> <p>Erfaringa vår med fusjonsprosessen tilseier at eit ynskje om meir tid ikkje vil bli tatt omsyn til. Vi vel difor å inkludere nokre overordna kommentarar, samt nokre kommentarar til kapittel 3.</p>	
<p>Overordna kommentarar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi saknar ei tydeleg utgreiing av disiplin faga og disiplinutdanningar. Det er vesentleg for den vidare utviklinga av HVL at desse fagmiljøa får ei særskild handsaming i eit prosjekt om fagleg plattform, profil og strategi. • Dei profilområda som blir presenterte er omfattande og breie, og slik sett inkluderande. I den meir detaljerte presentasjonen kan det likevel sjå ut til at nokre område har nådd fram, medan andre er utelukka. Det er sers uheldig dersom styret skal basera sine avgjersler på eit prosjekt der nokre fagmiljøa allereie har vunne fram i ein interessekamp, og der andre må kjempe for å synleggjere seg. • Prosjekt fagleg plattform bør i større grad vise fram og ta omsyn til alle sentrale forskingsområde på dei tre høgskulane. • Vi rår til at det vert sett ned faglege komitear for kvart av satsingsområda som skal jobbe med utforming av innhaldet i dei ulike områda. 	

Kap 3

Forskerforbundet ved HiSF ser at prosjektet har vald å presentere fire profilområde, der profilområde 1 grovt sett representerer helsefeltet og profilområde 2 svarar til lærarutdanningane og aktivitetane knytt til denne. Vi trur dette vil fungere tilfredsstillande, og har ikkje spesifikke synspunkt på denne delen av framlegget.

Dei to siste profilområda svarar grovt sett til dei tekniske utdanningane ved HVL (område 3) og dei økonomiske utdanningane og organisasjonsfeltet (område 4). Dei resterande fagfelte, hovudsakleg naturfaga og samfunnsfaga, er forsøkt fordelt ut på område 3 og 4. Vi har mange medlemmar som er knytt til desse to faga, og gjennomgåande er synet at framlegget ikkje er skikkelig gjennomarbeidd, og vitnar om grunn kjennskap til dei ulike fagområda. Naturfaga (her omtala som miljøvitskapane) er hovudsakleg lokalisert til område 3, gjennom omgrepet *berekraftig utvikling* i område 3, men figurerer også i område 4, utan at det er klart korleis ein ser for seg at den indre samanhengen innanfor kvart område er. Til dømes vert miljøvitskapane vurdert til berre å ha nasjonalt potensiale i område 3, sjølv om ein her har forskning og samarbeid på internasjonalt nivå. På område 4, derimot, vert masterprogrammet som spring ut av dette berekraftsfeltet (Climate change management) nemnt som ei satsing med internasjonalt, men ikkje med nasjonalt potensiale. Dette verkar inkonsekvent.

Etter FF HiSF sitt syn er det naudsynt med ein grundig gjennomgang av aktivitetane som no er samla i område 3 og 4. Vidare ønskjer ei vurdering av ein modell der det tredje profilområdet tek utgangspunkt i dei teknologiske utdanningane, medan naturvitskapane, samfunnsvitskapane, økonomi og organisasjon vert samla i eit fjerde profilområde. Her er det eit rom for ei vellukka satsing på tverrfaglege problemstillingar knytt til berekraftig utvikling, klimatilpassing og -omstilling. Det tverrfaglege forskingsprosjektet *Release* er eit godt døme på kva slags moglegheiter som finst i dette skjeringspunktet. MOVE og TRAUM er tilsvarande døme på internasjonale sosiologi- og historieprosjekt med fleirfagleg deltaking frå disiplin faga ved HiSF som viser potensialet i eit fjerde profilområde, slik det er skissert her. Ei slik satsing vil gi HVL eit høve til å hente ut synergieffektar mellom naturvitskapane, samfunnsvitskapane og dei teknologiske faga gjennom tverrfaglege satsingsområder.